

FAU- møte 03.06.2019 REFERAT

Desse møtte: Benedikte Christensen, Peter Söderman, Charlotte Kvinge- Dalland, Mona Linn Soltveit, Eirin Misje og Ståle Villanger. Fråfall: Stine Valdersnes og Veronica Myking.

1. Rektor presenterte resultatane på den ikkje- anonyme mobbeundersøkinga *Spekter*, som skulen gjennomfører kvart år både haust og vår på 3.- 7.trinn.
Generelt positive resultat, og dei aller fleste gjev uttrykk for at dei har det bra på skulen. Nokre elevar gjev uttrykk for at det er for mykje uro i timane.
Årsak til uro i timane kan vere mange og samansette, men skulen tek denne tilbakemeldinga på alvor. Skulen er med i kompetanseutviklingsprogrammet *Inkluderande barnehage- og skulemiljø* som går over 2 år, der fokuset er på klasseleiling og uro i timane.
2. Rektor presenterte resultatane på Utdanningsdirektoratet si nettbaserte brukerundersøking *Elevundersøking*, kor elevane på 5.-7. trinn skal få sei si meining om læring og trivsel på skulen.
Over landsgjennomsnittet på dei aller fleste indikatorane. Det ser ut til at me har lukkast med å skape eit trygt læringsmiljø med nulltoleranse mot krenkingar og kor elevane trivst. Dette området vil uansett krevje kontinuerleg fokus og ein er aldri i mål, sjølv med gode resultat.
3. Rektor presenterte bemanning for komande skuleår.
4. Diverse orienteringar frå rektor.
5. Ingen inneldte saker frå FAU på førehand.



Ståle Villanger, 04.06.2019